

STATSARKIVET I BERGEN

OM BERGMESTERARKIVET

Etter den siste avleveringa frå Bergvesenet hausten 1997, utgjer arkivet etter Bergmeisteren i Vestlandske distrikt 21,5 hylrometer. Sjøl om Bergvesenet ville halda tilbake nokre små restar, hovudsaklig kartmateriale, blir dette arkivet no rekna som avslutta. Av den grunn fann underteikna det rasjonelt å ordna arkivet etter løpenummer. Det er i alt 280 arkivsaker som inngår i dette systemet, forutan ei større kartsamling som er kommentert nærmare under punkt XIV. på side 28.

Denne arkivkatalogen avløyser ein eldre handskriven katalog. Under ompakkinga av dei eldste delane blei det avslørt at den gamle katalogen var dels både mangelfull og unøyaktig. Heile arkivet er derfor pakka om og ordna meir detaljert.

Det er ein del lakuner i arkivet, spesielt gjeld dette blant journalsakene dei første 10 - 15 åra. Og også for seinare år er det sporadiske journalnummer som manglar. Ein gjer også merksam på at bergverksstatistikkar og driftsberetningar for ulike bergverk kan vera å finna blant dei vanlige journalsakene, trass i at desse i prinsippet utgjer eit eige underområde. Statistisk sentralbyrå gjorde "Beretning om Bergverksdriften" til ein del av Norges Ofisielle Statistikk i 1866. For kvart år sidan 1866 er det derfor trykte beretningar om drifta ved dei ulike bergverka i landet. Statsarkivet i Bergen har bunde inn alle årgangane frå 1866 til 1922. Desse er plassert i biblioteket og kan lånast ut til bruk på lesesalen.

Etter bergverkslova av 1842 var det forbode for ein bergmeister eller geschworner å ha eigarinteresse i eit bergverk utan kongelig løyve. Geschworner, seinare bergmeister i vestlandske bergdistrikt, Tellef Dahl, fekk ved "haadigste Resolution av 26 de April 1862 Tilladelse til at eie Gruber i Sogndal Præstegjeld". Etter som bergmeister Dahl var inhabil når det gjaldt gruvedrifta i Sokndal fekk bergmeisteren i Austlandske distrikt i oppgåve å føra alle embetsforretningane vedkomande drifta i Sokndal. Slik sett vil ein i arkivet etter bergmeisteren i Austlandske distrikt (Statsarkivet i Oslo) finna ein protokoll vedkomande drifta ved "Soggendal Titanjernfelter".

Arkivet er ordna og katalogisert av underteikna. Cecilie Skauge Knoph har hjelpt til med påføring av etikettane.

Statsarkivet i Bergen 08.05.1998
Ståle Handeland

INNHOLD:

(Detaljert oversikt, 26 sider, fås ved henvendelse til arkivet)

I. KOPIBØKER 1853 - 1984

II. JOURNALAR 1867 - 1986

III. JOURNALSAKER 1872 - 1937

IV. INSPEKJONSPROTOKOLLAR 1853 - 1953

V. BERGVERKSSTATISTIKKAR OG DRIFTSBERETNINGAR 1910 - 1984

VI. FRISTPROTOKOLLAR 1829 - 1952

VII. UTMÅLINGSPROTOKOLLAR 1818 - 1952

IX. MUTINGSARKIV 1813 - 1986

X. PUBLIKASJONAR 1920 - 1965

XI. FABRIKKTILSYNET 1895 - 1928

XII. ØKONOMI OG ADMINISTRASJON 1916 - 1985

XIII. DIVERSE 1830 - 1966

XIV. KARTSAMLING-

AD XIV. KARTSAMLING

(orientering fra arkivet)

Til arkivet etter bergmeisteren i Vestlandske distrikt høyrer ei relativ omfattande kartsamling. Sidan den første avleveringa frå Bergmeisteren på 1920-talet har Statsarkivet i Bergen motteke i underkant av 300 kart. I tillegg har Statsarkivet i Kristiansand ei kartsamling som også høyrer til arkivet etter bergmeisteren i Vestlandske distrikt. Denne samlinga tel i underkant av 100 kart, dei eldste tilbake til 1700-talet. Planen er at denne samlinga skal overførast til Statsarkivet i Bergen i løpet av 1998. Førstearkivar Christopher John Harris har registrert mesteparten av kartsamlinga i bergmeisterarkivet, medan underteikna har registrert kring 50 kart som dukka opp under ompakkinga av dei eldste delane av arkivet. Statsarkivet i Bergen har ein eigen kartkatalog, og kartsamlinga i bergmeisterakivet vil inngå som ein viktig og naturlig del av denne. Eit første eksemplar av denne kartkatalogen er tilgjengelig for publikum, men ein ny og revidert katalog er under arbeid.

Ved den siste avleveringa frå Bergvesenet fekk Statsarkivet i Bergen melding om at Bergvesenet ville halda tilbake den resterande mengden kart. Desse var stadig i forvaltingsmessig bruk, og Bergvesenet såg seg derfor best tent med å halda dei tilbake. Av den grunn vil ein finraa ein del gamle gruvekart frå Vestlandske bergdistrikt hos Bergvesenet i Trondheim.

Det finst dessutan ein del kartmateriale frå tida før dei regionale bergmeisterembetene blei oppretta i 1812, i Riksarkivet. Dette gjeld både i arkivet etter Bergamtet (Overbergamtet) og i enkelte privatarkiv.